

Innspel til hovudtariffoppgjeret 2016

1. Med tanke på rekruttering vil eit sentralt løft for høgare løn i kommunal sektor vere viktigare enn bruk av ein lokal pott. Særleg høgare startløn vil vere avgjerande for rekrutteringa til kommunane. Det bør gjevast høgare godtgjering for særskilt arbeidstid, noko som vil gjere det meir attraktivt t.d. å arbeide helg.
2. Her bør det vere grupper som er vanskelege å rekruttere som blir prioriterte. Høgskulegruppene/fagarbeidarar?
3. Ein mindre lokal pott bør prioriterast til å utjamne utilsikta lønsskilnader.
4. Erklæringa frå dei sentrale partane om heiltid gjev ei god retning på arbeidet. Viktige moment er:
 - a. Bruk av fortrinnsrett (gje høve til å auke delstillingar)
 - b. Meirarbeid (stillingsstorleik i tråd med det ein arbeider)
 - c. Utlysing av stillingar (intern utlysing, heile stillingar)
 - d. Kompensasjon (t.d. helgearbeid)
 - e. Alternative turnus- og arbeidstidsordningar
5. Det er ikkje ønskjeleg å endre på bestemmelsane i hovudtariffavtalen når det gjeld sjukeløn.
6. Endring i folketrygdlova, gje høve til t.d. aktiv sjukmelding.
7. Gode offentlege pensjonsordningar er eit viktig rekrutteringsargument for offentleg sektor generelt og kommunane spesielt. Det er viktig å gjere tenestepensjon føreseieleg både for arbeidsgjevar og arbeidstakar.